

Prop. 144 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 11. juni 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2010.

2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på meklingsresultatet mellom staten og LO Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i løneoppgjæret for statstilsette blir primærgodtgjersler til vernepliktig mannskap tilrådd auka med 3,6 % frå 1. juli 2010.

Meirutgiftene for 2010 er utrekna til 15,514 millionar kroner.

3 Bakgrunn

Gjennom mange år er dei økonomiske ytingane til soldatane regulert med basis i løneoppgjæret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med synet til Stortinget, lagt til grunn reguleringa i lågaste lønetrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Løneoppgjæret for statstilsette i løneramme 02, lønstrinn 18 gav eit kronetillegg på 8 800 på A-tabellen. Dette utgjer ei regulering på 3,6 %.

4 Vurderingar

Dei årlege reguleringane med basis i løneoppgjæret sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god levestandard. Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det og i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at dei vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 3,6 % med verknad frå 1. juli 2010.

5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2010:

Tenestetillegg frå kr 145,00	til kr 150,00 pr. dag
Tenestetillegg HV-innsatsstyrke frå kr 780,00	til kr 808,00 pr. dag
Operativt (§13-opppdrag) tillegg frå kr 1114,00	til kr 1 154,00 pr. dag
Korporalstillegg frå kr 18,40	til kr 19,00 pr. dag
Kompensasjonstillegg frå kr 285,00	til kr 295,00 pr. dag
Ektefelletillegg frå kr 3 891,00	til kr 4 029,00 pr. månad ¹
Barnetillegg, fyrste barn frå kr 4 422,00	til kr 4 581,00 pr. månad
Barnetillegg, øvrige barn frå kr 1 821,00	til kr 1 887,00 pr. månad
Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå kr 27 850,00	til kr 28 835,00 ¹
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 54,00	til kr 56,00 pr. dag

¹ Beløpene er avrundet av hensyn til dagsatser på hel ti-øre/krone.

6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 15,514 millionar kroner for 2010 etter følgjande fordeling:

Auke av tenestetillegg og korporalstillegg	8,088 mill. kroner
Auke av tenestetillegg HV-innsatsstyrke og operativt tillegg (§13 oppdrag)	0,564 mill. kroner
Auke av kompensasjonstillegg	0,054 mill. kroner
Auke av forsørgjartillegg	0,208 mill. kroner
Auke av dimisjonsgodtgjersle	6,388 mill. kroner
Auke av utdanningsbonus dagsats	0,212 mill. kroner

7 Verknad for siviltenesta

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende endringar for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnekte-

lova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltninga for andre halvåret 2010 er utrekna til 581 000 kroner. Verknad for heile året blir 1,091 mill. kroner.

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap».

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner
450	Sivile vernepliktige	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 58 954 000 til kr 59 535 000	581 000
1719	Felles utgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 338 232 000 til kr 338 275 000	43 000
1720	Felles leining og kommandoapparat	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 2 538 207 000 til kr 2 538 329 000	122 000
1725	Fellesinstitusjoner og – utgifter under FST	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 1 890 436 000 til kr 1 891 037 000	601 000
1731	Hæren	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 4 972 709 000 til kr 4 980 523 000	7 814 000
1732	Sjøforsvaret	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 3 146 289 000 til kr 3 148 108 000	1 819 000
1733	Luftforsvaret	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 3 769 391 000 til kr 3 771 008 000	1 617 000
1734	Heimevernet	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 1 014 783 000 til kr 1 015 908 000	1 125 000
1740	Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 2 753 523 000 til kr 2 755 358 000	1 835 000
1790	Kystvakta	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 942 784 000 til kr 943 303 000	519 000
1795	Kulturelle og allmennyttige formål	
	01 Driftsutgifter blir auka med frå kr 252 262 000 til kr 252 281 000	19 000